



Tiltak i kulturlandskapet



Tiltak mot forurensning

## Revidert tiltaksstrategi og retningslinjer for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Seljord 2020-2022

*SMIL - Regelverk*

➤ *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket – er revidert*

➤ *Rundskriv 2019-14 fra landbruksdirektoratet – revidert kommer...*

*SMIL-forskriften § 1: Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.*

*SMIL-forskriften § 11: Kommunen skal fastsette overmodnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt.*

**Med bakgrunn i "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 8. Administrasjon, klage og dispensasjon"** Det skal fastsettes overordnede retningslinjer (tiltaksstrategi) for prioritering av SMIL-søknader i Seljord kommune. Tilskotsmidlene skal på denne måten prioriterast på grunnlag av lokalt tilpassede målsettingar.

Tiltaksstrategi for SMIL skal utarbeidast i samråd med faglaga i kommunen før den blir handsama politisk i Samfunnsutvalet.

Næringskontoret og faglaga i kommunen har i lag gått gjennom tiltaksstrategi og retningslinjer for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Seljord 2020-2022 vedteke av Samfunnsutvalet 04.03.2020.

Næringskontoret og faglaga føreslår ikkje store endringar utover at det opnast opp for at ein kan ein kan søkje tilskot til restaurering av gamal kulturmark ved hjelp av elektronisk gjerdeutstyr i staden for tradisjonelt fysisk sau – eller storfegjerde.

Pga. kort tidsfrist før søknadsomgangen og rådande Covid-19-situasjon har møtet med faglaga og næringskontoret blitt utført via e-post og telefon.

### **Vedtak i Samfunnsutvalet - 07.04.2021**

Samfunnsutvalet godkjenner revidert tiltaksstrategi og retningslinjer for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Seljord 2020-2022

## **Alle innleverte SMIL-søknader til Seljord kommune skal handsamast i samsvar med gjeldande lovverk:**

- FOR-2004-02-04-448 Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Rundskriv 2017-13 Kommentarer til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket

### **Nytt 2021:**

SMIL-potten 2021 kr. 150.000.

*«Fylkesmannen kan omfordele midler til kommuner med god måloppnåelse og gjennomføringsevne for å bidra til at årets midler blir brukt»*

*Føringar fra Fylkesmannen i Vestfold og Telemark for de kommunale tiltaksstrategiene:*

- *Prioriteringene i SMIL skal gjenspeile prioriteringene i Regionalt miljøprogram 2019-2022*
- *Tilskudd skal prioriteres til områder med de største miljøutfordringene innen forurensning, kulturlandskap, naturmangfold og kulturminner*
- *Hydrotekniske tiltak skal prioriteres der behovet for utbedringer er stort*
- *Nytt: Tilskudd til fast dekke på eksisterende gjødsellager, tiltak mot avrenning fra veksthusanlegg, tiltak mot fremmede arter og tiltak for pollinerende insekter skal innlemmes i strategien iht. Agros*
- *Nytt: Seljord kommune opnar for at ein skal kunne få tilskot til restaurering av gamal kulturmark ved hjelp av elektronisk gjerdeutstyr*

### **Lokalt tilpassa målsettingar og prioriteringar 2020-2022:**

I Seljord er administrasjonen og faglaga i kommunen einige om å prioritere SMIL-tiltak som er i samsvar med lokalt tilpassa målsettingar slik:

1. Hydrotekniske anlegg (viktige omsyn er: avrenning, klimatilpassing, ressursbevaring, matproduksjon)
2. Erosjonssikring langs vassdrag, skjøtsel av kantsone langs vassdrag og bekkerensk er vurdert som viktig i Seljord pga. mykje leigejord.
3. Planleggingsprosjekt, områdetiltak.
4. Verdifulle kulturlandskap i innmark – istandsetting (gml. kulturmark rydding og gjerding)
5. Verneverdige bygg
6. Andre SMIL-tiltak innanfor gjeldande SMIL-forskrift og i samsvar med søknader til RMP (Regionalt Miljøprogram) for Seljord. Til dømes tiltak for ville pollinerande insekt og truga natur bør vektleggast)

Om det blir opna for det i SMIL-ordninga ynskjer Seljord kommune at tilskot til NoFence blir prioritert.

### **Bakgrunn/grunngeving for prioriteringa:**

Tradisjonelt har Seljord kommune fått inn flest SMIL-søknader til gamal kulturmark og verneverdige bygg.

I dei seinare åra har det vist seg at vi har fått hyppigare flaumar som har gjort store skadar på jordbruksareal. I 2017 fekk Seljord kommune tildelt 500.000 kroner i ekstra SMIL-midlar til Hydroteknisk flaumvoll ved Herøysanden og Nerisøy i Flatdøla.

I 2018 gjekk vel halvparten av midlane til hydrotekniske anlegg.

I 2019 gjekk 35% av midlane til gamal kulturmark, 36% til verneverdige bygg og 35% til hydroteknisk anlegg.

I 2020 gjekk 216746 kroner i tilskot til 5 prosjekt. 3 prosjekt fekk avslag sidan dei blei vurdert til å ikkje vera innafør ramma til ordninga.

Prosjekttittel	Tiltaksgruppe	Tilskot kr	Tilskot %
Omlegging av bekk/bekkelukking, Bamle.	5.2 Gjenåpning av bekkelukkingar	62160	70 %
Ny skigard mot dyrka mark og fornying av gamal skigard	1.1 Verdifulle jordbrukslandskap - innmark	27000	50 %
Planleggingsprosjektet for kartlegging av erosjonssikring av elve- og bekkekantar, flaumdempende tiltak langs Flatdøla frå Herøysanden til utløpet frå Flatsjø	5.3 Erosjonssikring i/langs vassdrag	80000	100 %
SMIL 2020 - 113/1 - Heidi Sudgarden - Restaurering av gamal kulturmark i Øyvokslid	1.1 Verdifulle jordbrukslandskap - innmark	26586	70 %
Restaurering av tak, Gamlestogo, Vestre Aasheim	3.4 Andre kulturminner- og miljøer	21000	-
		216746	

Erosjonssikring langs vassdrag, skjøtsel av kantsone langs vassdrag og bekkerensk er vurdert som viktig i Seljord pga. mykje leigejord. Det er vanskeleg å få grunneigarar til å ta slike kostnader og i Seljord kommune er det difor praksis/opna for å gje tilskot til dette. Det er vilkår om at tiltaket ikkje er i strid med Vannressursloven, forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, vassforvaltningsplanar m.m.

Gamal kulturmark, er no endra til verdifulle jordbrukslandskap. Ordninga skal sjåast i samanheng med Regionalt Miljøprogram «*Dette kan være verneområder, setervoller, Utvalgte kulturlandskap i jordbruket, Verdensarvområder, arealer uten veiforbindelser samt bygdenære områder.*» Tilskotet kan gå til istandsetting av slikt areal. Vegetasjonsrydding og fysiske gjerder (ikkje som ledd i vanleg drift).

Søknader til Regionalt Miljøprogram for Seljord viser og at det fins område der det er aktuelt med tiltak for å fremme: biologisk mangfald, andre kulturminne-/miljø, miljøretta omlegging i kornområde, tilgjenge/opplevingskvalitet og vegetasjonssoner mot vassdrag.

Det kan gjevast tilskot til prosjekt som leier fram til planar om konkrete tiltak. Til dømes der fleire grunneigarar/grunneigarlag går saman om å leige inn konsulentar for å utgreie eit områdetiltak med tanke på kulturlandskap eller forureining.

### **Prioritering av innkomne/ godkjente SMIL-søknader**

Administrasjonen vurderer innkomne/godkjente SMIL-søknader opp mot denne tiltaksstrategi og retningslinjer for SMIL Seljord og fordeler skjønsmessig tilskot i samsvar med tildelte midlar( Seljord kommune sin SMIL-pott)

### **Søknadsfrist:**

Fortløpande søknadsfrist

### **Krav til SMIL-søknad med dokumentasjon**

- Søknad skal leverast elektronisk via Altinn
- Søknaden må vera klart avgrensa og etterprøvbar
- Rekneskapssamandrag med fakturaer for innkjøpte varer og uttak frå eige varelager
- Timelister over eigeninnsats må dokumenterast med dato og tid for utført arbeid
- Timesats eigen tid settast til maks 350 kr, maskin og utstyr i samsvar til leigeprisar (Norsk Landbruk)
- Utført arbeid må dokumenterast med bilete

### **Kostnadsoverslag:**

Seljord kommune vurderer/godkjenner kostnadsoverslag til inngjerding av verdifullt jordbrukslandskap (tilpassa RMP) i SMIL-søknader ved hjelp av satsane under i dei tilfella kostnadsoverslag frå søknad ikkje er dokumentert t.d. via pristilbod frå leverandør. Seljord kommune opnar og for bruk av elektronisk gjerde men ikkje til høgare kostnad enn kva vil koste å gjerde inn området med fysisk gjerde.

Det setjast krav om beiteplikt av areal som har fått tilskot til elektronisk gjerde. Om det elektroniske utstyret sviktar eller ikkje er tilstrekkeleg innan beitepliktstida kan ein søkje om tilskot til meir utstyr.

Meterkostnad sauegjerde: Stålnetting, impregnerte stolpar 8x1,75 (avstand maks 2.0m),krampar og topptråd. Sum materialkostnad kr 45 pr. meter + oppsettkostnad kr 45 pr. meter = 90 kr pr. meter ferdig gjerde.

Meterkostnad storfegjerde (straum): Sum materialkostnad kr. 25 pr. meter + oppsettkostnad kr 35 pr. meter = 55 kr pr. meter ferdig gjerde. Merk at ein ikkje kan få tilskot til straumapparat.

Kostnadsoverslag til verneverdige bygg bør tilpassast krav sett av Norsk Kulturminnefond.

### **Tilskot**

For kulturlandskaps- og forureiningstiltak kan ein gje eingongstilskot med mellom 25-70 % av godkjent kostnadsoverslag. Ein kan normalt ikkje gi tilskot til maskinar eller anna laust teknisk utstyr. For planleggingsprosjekt kan det gjevast 100% tilskot.

På grunn av den låge SMIL-potten i Seljord kommune bør tilskot til verneverdig bygg i mest mogleg grad gjevast i samfinansiering med søknad til Norsk Kulturminnefond.